

---

Saksnr: 2020/60690-16  
Saksbehandlar: Åge Avedal  
Dato: 20.01.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering

---

## Spørjeundersøking blant regionale frivillige organisasjonar i Vestland

Avdeling for kultur, idrett og inkludering og seksjon for statistikk, kart og analyse gjennomførte i desember 2020 ei spørjeundersøking blant regionale frivillige organisasjonar i Vestland. Undersøkinga skulle kartlegge organisasjonane sine styrkar og svakheiter innan rekruttering, inkludering, lokale og arenaer, synleggjering, økonomi, samarbeid, kompetanse, nettverk og faglege møteplassar. Det var 92 mottakarar av undersøkinga og 66 % svarte på heile undersøkinga. Mottakarane vart bedt om å svare på undersøkinga utifrå ein normalsituasjon, i tida etter korona-pandemien.

Organisasjonane peikar på rekruttering av medlemmer generelt og medlemmer til verv, og inkludering av etniske/kulturelle minoritetar og menneske med nedsett funksjonsevne i aktivitetane, som dei mest utfordrande områda.

På spørsmålet om korona-pandemien sin effekt på den lokale og regionale aktiviteten svarar så godt som alle at dei har opplevd pandemien som utfordrande eller svært utfordrande. Samtidig svarar over halvparten at dei trur det blir enkelt å gå tilbake til ein normalsituasjon etter at pandemien er over.

I tekstsvara til undersøkinga skriv mange av respondentane at dei ser eit behov for fleire møteplassar for frivillig sektor, i form av t.d. konferansar, seminar og forum for erfaringsutveksling. Vidare er det ein del som meiner det er viktig for frivillig sektor at det blir oppretta eit frivilligråd eller kulturråd i Vestland.

Rapporten frå undersøkinga blir tilgjengeleg på nettsidene til Vestland fylkeskommune. Den blir delt med presse og frivillig sektor, og vil bli presentert under Vestland fylkeskommune og Frivillighet Norge sin digitale frivilligkonferanse 18. februar. Undersøkinga blir brukt i arbeidet med kunnskapsgrunnlag og strategi for frivillig sektor i Vestland.

### Vedlegg

1 Rapport spørjeundersøking, frivillig sektor i Vestland 2020